



Arkivnr: 2015/11453-73  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017

## Endring av vedtekter for styret ved Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

Etter endringar i fagskulelova 1. juli 2016, med tilhøyrande forskrifter, er det naudsynt å gjere endringar i styrevedtektene for styret ved Fagskolane i Hordaland. Dette gjeld krav om ei lokal klagenemnd for fagskular. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har i tillegg hatt revisjon ved to utdanningar ved Fagskolen i Hordaland (tidlegare Bergen tekniske fagskole), og i samband med dette er det peikt på tilhøve som ikkje er tydelege nok, eller som manglar omtale. Dette gjeld kva rettar student- og tilsettrepresentant har, og dessutan styret sitt ansvar i høve til kvalitetssikring av utdanningane.

### Forslag til vedtak

Punkt 2, 6, 8 og 10 i vedtektene for styret ved Fagskolane i Hordaland vert endra som følgjer:

#### Punkt 2.

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.

#### Punkt 6.

Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvising, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### Punkt 8.

Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis denne vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringssystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.

#### Punkt 10.

Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Utkast til oppdaterte vedteker for styret ved Fagskolane i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 13.02.2017**

Etter endringar i fagskulelova 1. juli 2016, med tilhøyrande forskrifter, er det naudsynt å gjere endringar i styrevedtektene for styret ved Fagskolane i Hordaland. Dette gjeld krav om ei lokal klagenemnd for fagskular. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har i tillegg hatt revisjon ved to utdanningar ved Fagskolen i Hordaland (tidlegare Bergen tekniske fagskole), og i samband med dette er det peikt på tilhøve som ikkje er tydelege nok, eller som manglar omtale. Dette gjeld kva rettar student- og tilsettrepresentant har, og dessutan styret sitt ansvar i høve til kvalitetssikring av utdanningane.

Basert på dette vert følgjande punkt i vedtektene føreslått endra:

**Punkt 2.**

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har ein representant kvar med personleg vara.

**Nytt punkt 2.**

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.

**Punkt 6.**

Styret er klageinstans for Fagskolane i Hordaland. Styret kan opprette ei særskild klagenemnd for handsaming av klagar. Klagenemnda skal handsama klager på enkeltvedtak. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova 10. februar 1967 gjeld for handsaming av saker, jfr. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassering, avsluttande vurdering, bortvisning, utestenging, utvising og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

**Nytt punkt 6.**

Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsama klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvising, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

**Punkt 8.**

Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis det vert gjennomført.

**Nytt punkt 8.**

Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis denne vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringssystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.

**Punkt 10.**

Styret er ansvarleg for at det sams reglementet for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

**Nytt punkt 10.**

Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

Oppdaterte styrevedtekter i tråd med dette saksutkastet ligg som vedlegg til saka.